



Vedtekter for torghandel

§ 1 Plassering

Kommunale reguleringsplanar med vedtekter avgjer kva for offentlege plassar eller delar av offentlege plassar som skal kunne nyttast til torghandel.

§ 2 Søknad

Søknad om torgplass skal skje på fastsett skjema der det skal gå fram kva type varer som skal seljast og kva tidsrom det gjeld.

Skjemaet ligg på heimesida til Fjord kommune. Søknaden vert behandla av servicetorget.

§ 3 Kven som kan få løyve

Ingen må drive næringsverksemd på offentleg torg utan løyve av kommunen. Salsplassar kan berre tildelast verksemd/organisasjonar som er registrerte i Brønnøysund-registeret.

Barn under 16 år kan ikkje drive torghandel utan hjelp frå vaksne.

Eit løyve kan ikkje overdragast/framleigast til andre.

§ 4 Torgavgift

Torgavgift vert fastsett av kommunestyret og regulert kvart år.

Humanitære og frivillige organisasjonar og lag innan kulturlivet er fritekne for betaling av avgift.

§ 5 Produkt og prioritering

Desse varene kan omsettast:

- a) Produkt frå jord- og hagebruk, ville urter, bær, blomster og liknande produkt, husflidsprodukt, lettare bijouteri/uedle smykke, teikningar, måleri og varer tilverka ved eigen heimeindustri.
- b) Mat- og tradisjonsprodukt tilverka av produsentar.
- c) Produkt frå fisk og skaldyr.
- d) Andre varer enn dei som er nemnde under pkt. a, b, eller c som loddsal og andre aktivitetar som ikkje er omhandla i Lov om handelsverksemd.

Ved plassmangel har dei som sel varer frå eigen produksjon og som er frå Fjord kommune førsterett til plass.

Ein leigetakar kan ikkje opphalde torgplassar samanhengande i meir enn 14 dagar dersom det er etterspurnad frå andre om å få leige, og det ikkje er ledige plassar til desse.

§ 6 Ordensreglar og reinhald

Torghandlarar skal halde seg innanfor sin tildelte plass. Dei skal sørge for god orden på staden i salstida, og sørge for at omgjevnadene ikkje bli påførte ulemper.

Ved salstida sin slutt må alle varer, transportreiskap, boder, bord og liknande fjernast frå utsalsstaden. Den som har nytta plassen pliktar å rydde etter seg, og fjerne alt avfall. Om naudsynt skal ein koste eller spyle plassen.

Torghandlarar som er tildelt torgplass over fleire dagar, kan la faste installasjonar stå på torget utanom salstidene. Slike avtalar kan kallast attende når som helst, og vognene må da fjernast. Om nødvendig kan kommunen fjerne vognene for eigar si rekning.

§ 7 Opningstider

Torghandel er tillate alle kvardagar i tidsrommet:

Måndag – fredag : kl. 08:00 - kl. 20:00

Laurdag : kl. 08:00 - kl.18:00

På søndag, heilagdag og offentlege høgtidsdagar er torget stengt for handel. Torget kan likevel haldast ope dei søndagane då forretningane elles kan halde ope i medhald av opningstidslova, og når forretningane har sein- eller nattope.

Når særlege forhold eller arrangement gjer det ønskeleg, kan kommunen einskilde dagar innskrenke/forlenge salstidene eller heilt forby torghandel.

Ingen må setje fram varene sine tidlegare enn ein halv time før salstida startar.

§ 8 Parkering

Køyretøy som ikkje vert nytta som salsbod, kan ikkje parkerast på torget.

§ 9 Hygienereglar ved sal av matvarer

Seljar av næringsmiddel plikter å setje seg inn i og følgje gjeldande reglar og pålegg for kvalitet, hygiene og reinsemd frå helsemyndigheiter og Mattilsynet.

Ved sal av matvarer må ein ha godkjenning frå Mattilsynet. Slik godkjenning skal vere ordna på søknadstidspunktet.

På salsstaden må det vere skriftleg eller tilsvarande informasjon til publikum om kven det er som byr fram produktet.

§ 10 Tilkomst og ferdsel på torget

Torghandelen skal ikkje hindre fri ferdsel.

§ 11 Bortvising

Den som trass i oppmoding ikkje følgjer reglane, kan bli vist bort frå plassen av den som har gitt løyve, og kan også bli nekta torgplass seinare.

§ 12 Klageorgan

Avslag på søknad og tilbakekalling av løyve kan klagast til formannskapet.